



Fylkesmannen  
Kommunen

Postadresse: Postboks 8140 Dep.  
NO-0033 Oslo, Norway  
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00  
Telefaks: +47 24 13 10 05  
E-post: [postmottak@slf.dep.no](mailto:postmottak@slf.dep.no)  
Internett: [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no)

Kontaktperson:

Vår dato: 04.06.2013

Vår referanse: 201300001-24/046.1

Rundskrivet erstatter:

Vedlegg:

Kopi til:

Org.nr.: NO 981 544 315 MVA

Bankkonto: 7694 05 02280

## Utbetaling av produksjonstilskot og tilskot til avløsning ved ferie og fritid, etter søknad med frist 20. januar 2013

### 1 Tilskotsbrev og utbetaling ved den sentrale utbetalinga

Alle søkjarar, som har gyldig søknad, mottek ca 5. juni eit sentralt produsert brev. Søkjar vil normalt ha pengane på konto innan fredag 7. juni.

Det sentralt produserte brevet informerer anten om kommunen sitt vedtak, og syner grunnlaget for utrekning av tilskot, satsar og utbetalt beløp (tilskotsbrev), eller informerer om at søknaden enno ikkje er ferdig handsama. Forklaring av tekster i tilskotsbrevet for dei søknadene som er avslått, avvist eller stoppet av andre grunner i den sentrale utbetalinga, går fram av kapittel 2. Kopi av tilskotsbreva er tilgjengeleg for kommunen via WESPA i rapport PT-2230. Sjå òg lista PT-5040, som syner utbetalt beløp.

Tilskotsbreva vert sende til den adressa som føretaket/bedrifta har registrert i Einingsregisteret.

Pengane vert overført til den kontoen som er oppført på søknaden, eller til ny konto, dersom forvaltninga har fått melding om dette. Dersom søkjar har skifta konto etter at søknaden vart sendt inn, men har gløymd å gje melding til forvaltninga, vil utbetalt beløp gå til kontoen som er oppført på søknaden. Bankane har ulik praksis med omsyn til korleis dette vert handsama. I nokre tilfelle vil banken overføre beløpet til kunden sitt nye kontonummer, og i andre tilfelle vert beløpet returnert til SLF. I slike tilfelle kan SLF ikkje setje i verk ny utbetaling av tilskot før beløpet er returnert til SLF og søkjar har gjeve *skriftleg* opplysning om nytt kontonummer. Endringsskjema for kontonummer (SLF-056) kan hentast på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no) – skjema.

## Innhold

1	Tilskotsbrev og utbetaling ved den sentrale utbetalinga .....	1
2	Søknader som vert avslått og avvist .....	2
3	Søknader som er stoppa sentralt eller av Fylkesmannen.....	4
4	Utbetalingar etter sentral utbetaling (manuelle utbetalingar).....	4
4.1	Fagsystem for manuelle utbetalingar.....	4
4.2	Hjelpeutrekning .....	5
4.3	Køyring av manuelle utbetalingar .....	5
4.4	Kontroll av manuelle utbetalingar .....	5
5	Satsar og utrekningsreglar .....	5
5.1	Tilskot til husdyr.....	6
5.1.1	Satsar og maksimalt utbetalt beløp.....	6
5.1.2	Utrekning av kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i prosjektet ”Friskare geiter” .....	8
5.1.3	Særleg om tilskot til slakta lam .....	8
5.2	Tilskot til bevaringsverdige storferasar .....	8
5.3	Driftstilskot til mjølkeproduksjon .....	9
5.4	Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon .....	9
5.5	Tilskot til økologisk landbruk.....	9
5.6	Distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker og distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg.....	10
6	Tilskot til avløyising ved ferie og fritid, avløysåret 2012 .....	11
6.1	Satsar .....	11
6.2	Utrekna maksimal refusjon for 2013 .....	12
7	Reduksjonar i tilskot.....	12
8	Trekk i utbetalingar .....	12
9	Lister i samband med utbetalinga .....	13

## 2 Søknader som vert avslått og avvist

Dersom søknaden om produksjonstilskot vert stoppa, vert òg søknad om avløysartilskot stoppa. Dersom utbetalinga av tilskot til avløyising ved ferie og fritid er stoppa, vert produksjonstilskotet utbetalt om søkjar fyller vilkåra for tilskotet.

Søknader med feilmelding (jf. lista PT-1003)

635 *Søknaden er avslått, foretaket ikke opprettet innen søknadsfristen*

636 *Søknaden er avslått, foretaket ikke i MVA-registeret innen søknadsfristen*

vert avslått direkte. Det vil seie at søkjarane mottek vedtak om avslag i tilskotsbrevet ved hovudutbetalinga av produksjonstilskot. Føretaka fyller ikkje § 3 i forskrifta om å vere føretak innan søknadsfristen og vera registrert i Meirverdiavgiftsmanntalet innan søknadsfristen, eller ha hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum 20 000 kr i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen.

Søknad frå føretak som ikkje var oppretta innan søknadsfristen får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad er avslått fordi føretaket ikkje var registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3.”*

Søknad frå føretak som ikkje var registrert i Meirverdiavgiftsmanntalet innan søknadsfristen, eller som ikkje har hatt samla omsetning og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av dei siste 12 månader før registreringsdato, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad er avslått fordi føretaket ikkje var registrert som meirverdiavgiftspliktig innan søknadsfristen 20. januar, eller har hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av perioden 01.01.2012 - 31.12.2012, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3.”*

Søknader med feilmelding:

*650 Mottatt dato er etter 21.02.*

vert avvist direkte, og søkjarane får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*” Søknaden er avvist fordi søknaden vart levert 21. februar eller seinare. Det er ikkje innvilga dispensasjon frå søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket §§ 9 og 10.”*

Søknader med feilmelding:

*637 Søknaden avslått av kommunen*

får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avslag, dersom dette ikkje allereie er gjort.

Søknader med feilmelding:

*639 Søknaden avvist av kommunen*

får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avvising dersom dette ikkje allereie er gjort.

Avløysarsøknader med feilmelding:

*644 Stoppet avløysarsøknad*

vert avslått direkte, og søkjarane mottek vedtak om avslag i tilskotsbrevet.

Søknader som er stoppa i inputkontrollen med feilkode 245 og 246, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad om avløysartilskot for 2012 er avslått etter kontroll av utgifter og opplysningar i søknaden. Resultatet av kontrollen viser at du ikkje har hatt utgifter til avløysing i 2012.*

*Opplysningar om utgifter til avløysar, der søkjar har arbeidsgjevaransvar, er kontrollert mot løns- og trekkoppgåveregisteret i Skattedirektoratet. Opplysningar om kjøp av avløysar-tenester frå avløysarlag er kontrollert mot opplysningar frå avløysarlag.”*

Søknader som er stoppa i inputkontrollen med feilkode 247, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad om avløysartilskot for 2012 er avslått på grunn av at du ikkje var rettkomen avløysartilskot i 2011.”*

Søknader som er stoppa i inputkontrollen med feilkode 256, 257, 258, 259 eller 260 får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad om avløysartilskot er stoppa. Ta kontakt med kommunen for nærare opplysningar.”*

Ver difor merksam på at søkjarar som har fått denne teksten tar kontakt med kommunen, for å få ei avklaring på kvifor dei ikkje får utbetalt avløysartilskot.

### **3 Søknader som er stoppa sentralt eller av Fylkesmannen**

Søknader som er stoppa frå den sentrale utbetalinga, må vurderast nærare, før vedtak kan fattast og utbetaling eventuelt kan skje. Lista PT-1003 syner kva søkjarar dette gjeld og kva som er årsak til stopp. Dette gjeld søknader med meldingane:

- 607 Kontrollskjema reg. mangler ord. søknadsskjema
- 608 Kontrollskjema er ikke registrert
- 609 Søknadsskjema feilmeldt, men ikke rettet
- 610 Kontrollskjema feilmeldt, men ikke rettet
- 621 Utbetaling stoppet pga ugyldig postnr/adresse
- 645 Søknaden stoppet av fylkesmannen
- 646 Pålagt kontroll er ikke utført

Dei aktuelle søkjarane får tilsendt eit tilskotsbrev samtidig med at hovudutbetalinga går, der dei vert varsla om at det er tilhøve ved søknaden som må undersøkjast nærare:

*” Søknaden om produksjonstilskot pr. 20.01.13 er registrert, men det er oppdaga forhold ved søknaden som må undersøkjast nærare. Dette vil kommunen starte med snarast. De vil få melding så snart søknaden er handsama.”*

Ved vurderinga av slike søknader skal det takast utgangspunkt i situasjonen på registreringsdato 1. januar 2013 og sjå om føretaket stettar krava i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket og forskrift om tilskot til avløyning.

### **4 Utbetalningar etter sentral utbetaling (manuelle utbetalningar)**

I samband med handsaming av søknader, klage på vedtak og manuelle utbetalningar, viser SLF til forskrift om produksjonstilskudd, forskrift om tilskot til avløyning og retningsliner gitt i rundskriv 22/12, 23/12, 37/12, 02/13 og 19/13. Disse er tilgjengelig på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no) For saksbehandlingsrutinar for dei manuelle sakene visast det spesielt til rundskriv 23/12 og 37/12.

Satsar og utregningsreglar som skal brukast for berekning av tilskot ved manuelle utbetalningar går fram av kapittel 5.

#### **4.1 Fagsystem for manuelle utbetalningar**

Fagsystem for manuelle utbetalningar vert etter planen distribuert til fylkesmannen i veke 24. Fagsystema gjeld både produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Meir informasjon vert sendt som e-post til fylkesmannen.

## 4.2 Hjelpeutrekning

For å hjelpe arbeidet med å rekne ut korrekt tilskotsbeløp for produksjonstilskot, tilbyr SLF hjelpeutrekning for registrerte søknader. På grunnlag av registrerte opplysningar vert det rekna ut brutto tilskot, oppdelt på aktuelle heimlar. Resultatet av utrekninga vert presentert for fylkesmannen i tilskotsbrevrapport PT-2210 og rapportane PT-890 og PT-891, som vert lagt i ROB. Fylkesmannen kan deretter nytte desse for registrering av beløp til utbetaling.

Hjelpeutrekninga gjeld òg avløysartilskot. Søknader som blir registrert i rutine for manuelle utbetalningar, vil få rekna ut maksimal refusjon for 2013 i hjelpeutrekninga. Ver merksam på at det er førebels satsar for 2013. Dei endelege satsane blir fastsett før utbetalinga i 2014.

For at data skal kome med i hjelpeutrekningane, må registreringa vere avslutta innan kl 12.00 dei datoane som er vist i tabellen under. Hjelpeutrekningane vert køyrd om ettermiddagen, og resultatata vil normalt vere klare dagen etter.

<b>Frist for registrering</b>	<b>Resultat klart</b>
Tysdag 11.6. kl 16.00	Torsdag 13.6.
Måndag 17.6. kl 12.00	Tysdag 18.6.
Måndag 24.6. kl 12.00	Tysdag 25.6.
Måndag 1.7. kl 12.00	Tysdag 2.7.
Måndag 8.7. kl 12.00	Tysdag 9.7.
Måndag 12.8. kl 12.00	Tysdag 13.8.
Måndag 19.8. kl 12.00	Tysdag 20.8.

## 4.3 Køyring av manuelle utbetalningar

Utbetalingane vert gjennomført med grunnlag i fylka sine registreringar. SLF hentar ajourhaldsdataene **måndag 2. september**. Alle manuelle utbetalningar bør vere gjennomført innan denne datoen. Data registrert etter denne datoen vert ikkje overført til SLF.

*Merk at data frå søknader som ikkje er ferdig handsama av fylkesmannen før 3. september ikkje vert tilgjengelege i LIB.*

## 4.4 Kontroll av manuelle utbetalningar

I første halvdel av september vert dei manuelle utbetalingane kontrollert maskinelt. Resultatet av kontrollen får kommunen i listene PT-1201 og -895D. Det er viktig at kommunen går gjennom listene og gjer vedtak om tilbakebetaling om det er utbetalt for mykje tilskot.

## 5 Satsar og utrekningsreglar

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har fastsett satsane for utbetaling av tilskot for søknadsomgangen 20. januar 2013. I tabell 1 visast dei gjeldande satsane for dei ulike tilskota.

For alle ordningane er endeleg sats lik dei førebelse satsane i jordbruksavtalen, sjå òg rettleiingshefte om produksjonstilskot i jordbruket ved søknadsomgangane 20. august 2012 og 20. januar 2013. Merk at alle satsar er fastsette i heile kroner. Merk òg at talet på slaktegris i søknaden ikkje kan nyttast direkte, sjå omtale i kapittel 5.1.1.

For hovudutbetalinga 5. juni er tilskota maskinelt utrekna for den enkelte søknad med dei gjeldande satsane og utregningsreglane. For dei manuelle sakene skal dei same satsane og utregningsreglane leggjast til grunn.

## **5.1 Tilskot til husdyr**

### ***5.1.1 Satsar og maksimalt utbetalt beløp***

Etter den tekniske jordbruksavtalen 2012-2013 kan det årlig maksimalt betalast ut 280 000 kr i tilskot til husdyr for kvart føretak. Ved utbetaling av tilskot til husdyr etter søknad i januar 2013 vert tilskotet avgrensa, slik at utbetalt tilskot i alt for augustomgangen 2012 og januaromgangen 2013 ikkje vert meir enn maksimalbeløpet. Merk at tilskot til økologisk husdyrproduksjon ikkje vert rekna inn i maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr.

For slakta gris (kode 184 i søknad) skal det gis tilskot til husdyr for 86,95 % i intervallet 1-1 400 dyr. Dette skuldast at tal slakta gris det er søkt tilskot for, er større enn 1 190 000 dyr, som er det maksimale talet dyr det nasjonalt kan gis tilskot for etter jordbruksavtalen. Til dømes skal ein søkjar som har slakta 1 000 gris i 2012 få tilskot for  $1000 \times 86,95 \% = 870$  slakta gris. **Merk at tal dyr med rett til tilskot òg skal reduserast ved manuelle utbetalingar.** Tal gris avrundast etter vanlege reglar for avrunding.

**Tabell 1. Satsar for tilskot husdyr for utbetalinga for søknadsomgangen 20. januar 2013**

Dyreslag	Intervall	Sats i kr pr. dyr <sup>1)</sup>	
Mjølkeku <sup>2)</sup>	1-16	2 014	
	17-25	1036	
	26-50	430	
Ammeku <sup>2)</sup>	1-25	2040	
	26-50	1085	
	51+	250	
Storfe <sup>2)</sup>	1-250	400	
Mjølkegeit og mjølkesau <sup>2).5)</sup>	1-125	700	
	126-250	256	
Sau/ammegeit over 1 år pr. 1. jan.	1-50	1180	
	51-100	924	
	101-200	347	
	201-300	210	
Utegangarsau, alle	1-300	210	
Lammeslakt <sup>3)</sup>	kvalitet O og betre	206	
	lam slakta ved mindre slakteri <sup>4)</sup>	194	
	tillegg for økologiske lam, kvalitet O og betre	40	
Kjeslakt	over 3,5 kg	80	
Avlsgris <sup>2)</sup>			
- Sør-Noreg	1-35	383	
- Jæren	1-35	308	
- Nord-Noreg	1-35	526	
Slaktegris og gris solgt som livdyr med levende vekt på minst 50 kg			
	- Utan om Jæren	86,95 % i 1-1 400	20
	- Jæren <sup>6)</sup>	86,95 % i 1-1 400	16
Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser <sup>2)</sup>			
	- Sør-Noreg	1-1 000	5
	- Nord-Noreg	1-1 000	12
- landet	1 001-5 000	5	
Unghestar under 3 år	alle	1 000	
Bikuber <sup>7)</sup>	1-250	350	

- 1) Satsen er null kr pr. dyr over dei nemnde intervalla
- 2) For mjølkeku, ammeku, storfe, mjølkegeit, avlsgris, verpehøns og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser er tilskotet ved kvar av søknadsomgangane utbetalt etter 50 % av satsen for året. Det er 50%-satsen som er vist her.
- 3) Sats pr. økologiske lam, kvalitet O og betre, 225 kr/dyr, lam levert til mindre slakteri 209 kr/dyr
- 4) Sats utrekna som veid gjennomsnitt av all søknader om tilskot for slakta lam. Dette gjeld dyr i kode 476 i søknad
- 5) Føresetnad for tilskot til mjølkesau er at det kan dokumenterast at mjølka er nytta som råstoff i lokal foredling.
- 6) Jæren – kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.
- 7) Føresetnad for tilskot er eit driftsomfang på minimum 25 kuber.

### **5.1.2 Utrekning av kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i prosjektet "Friskare geiter"**

Deltakarar i tiltaket "Friskare geiter" får tilskot for dei dyra føretaket faktisk disponerar på teljedato. Føretaka skal få vederlag for tap av produksjonstilskot og tap av tilskot til avløyning ved ferie og fritid i tiltaksperioden, og det er fylkesmannen som utbetalar dette etter nærare reglar. Meir informasjon om utbetalinga kjem i eige brev til fylkesmannen i dei aktuelle fylka.

### **5.1.3 Særleg om tilskot til slakta lam**

Dyr som er slakta og klassifisert av godkjend klassifisør kan det ytast tilskot for. I tillegg kan det ytast tilskot for lam som er slakta ved mindre slakteri (slakteri som slaktar inntil 2000 sau/lam pr. år) utan godkjend klassifisør. Føretaka skal føre lam som er slakta ved mindre slakteri utan godkjent klassifisør i kode 476. Dersom eit mindre slakteri har nytta godkjend klassifisør må kommunen handsama saka manuelt.

Leveransar av slakt må vere rapportert på produsentnummeret til det føretaket som søker produksjonstilskot for å gje rett på tilskot, jf forskrift om produksjonstilskot §7:

*"(...)Tilskuddet beregnes ut fra totalt antall dyr som disponeres av foretaket på det tidspunkt eller i den periode som er fastsatt i eller i medhold av jordbruksoppgjøret(...)"* Dette betyr at lammeslakt som er levert frå andre produsentnummer enn det som høyrer til føretaket som søker tilskot, ikkje skal førast opp på søknaden om produksjonstilskot.

*Døme: Viss føretaket til dotter har levert slaktedyr på sitt produsentnummer og føretaket til far søker produksjonstilskot for desse dyra, har føretaket til far ikkje rett på tilskot for dyr som er levert av føretaket til dottera.*

Lista PT-1050 "Lammeslakt" gir oversikt over grunnlaget som er brukt i den maskinelle kontrollen og den sentrale utrekninga av tilskot for slakta lam. Lista kan vere nyttig for å avdekkje om det er fleire som har levert lammeslakt frå same hovudnummer.

## **5.2 Tilskot til bevaringsverdige storferasar**

Endeleg sats er 1 800 kr pr. dyr.

Det ytast berre tilskot for bevaringsverdige storfe som er registrert i Kuregisteret hjå Norsk Genressursenter.



### 5.3 Driftstilskot til mjølkeproduksjon

**Tabell 2. Driftstilskot til kumjølkeproduksjon**

	> 5 kyr	4 kyr	3 kyr	2 kyr	1 ku
<i>Kumjølke, Jæren</i> <sup>1)</sup>	54 500	43 600	32 700	21 800	10 900
<i>Kumjølke, rest Sør-Noreg</i>	58 000	46 400	34 800	23 200	11 600
<i>Kumjølke, Nord-Noreg</i>	61 000	48 800	36 600	24 400	12 200

<sup>1)</sup> Gjeld kommunane Sandes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

**Tabell 3. Driftstilskot til geitmjølkeproduksjon**

	Ved 27 geiter eller fleire pr. føretak, kr/føretak	Redusert utbetaling pr. geit når det er færre enn 27 geiter pr. føretak, kr/geit
<i>Geitmjølke</i>	61 000	2 259

For føretak som driv produksjon av både geitemjølke og kumjølke, skal driftstilskotet utreknes på den måten som er best for søkjaren. Til dømes vil eit føretak som har 40 mjølkegeiter og 15 mjølkekyr få driftstilskot til mjølkeproduksjon etter satsen som gjeld for produksjon av geitemjølke. Eit føretak i Sør-Noreg som har 14 mjølkegeiter og 3 mjølkekyr vil få 59 559 kr i driftstilskot til mjølkeproduksjon ( $61\,000 - 2\,259 \times 13 + 58\,000 \times 13/27 = 59\,559$  kr).

### 5.4 Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Satsane er fastsett til 1 375 kr pr. ammeku for føretak med 6 til 39 ammekyr, rekna frå første ammeku. Satsen er fastsett til 55 000 kr per føretak for føretak med 40 eller fleire ammekyr.

### 5.5 Tilskot til økologisk landbruk

**Tabell 4. Satsar for tilskot til økologisk husdyrproduksjon**

Vekstgruppe/dyreslag	Økologisk husdyrproduksjon AK-sone 1-4 (kr pr. dyr)	Økologisk husdyrproduksjon AK-sone 5-7 (kr pr. dyr)
<i>Mjølkeku</i>	1 200	1 351
<i>Ammeku</i>	759	984
<i>Andre storfe</i>	201	282
<i>Sau over 1 år pr. 1.1.</i>	342	414
<i>Mjølkegeit</i>	81	93
<i>Ammegeit</i>	162	186
<i>Avlsgris</i>	201	201
<i>Slaktegris</i>	260	260

For mjølkegeit og ammegeit er det lik sats pr. dyr og år. Det er ulik sats pr. dyr i utbetalinga fordi det er to utbetalningar pr. år for mjølkegeit, mens for ammegeit er det ei utbetaling pr. år.

Tal slaktegris med rett på tilskot til økologisk landbruk (kode 831 i søknad) skal ikkje reduserast før utrekning av tilskot. Det inneber at omtale i kapittel 5.1.1 av reduksjon i utrekning av tilskot til husdyr for kode 184 ikkje gjeld for kode 831.

## **5.6 Distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker og distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg**

Grunnlaget for tilskota er produkt levert til godkjente omsetningsledd i perioden 1. januar til 31. desember året før utbetalingsåret. Omsetningsleddet må vere godkjent av SLF. Det er ein føresetnad for utbetaling at kvantumet i årsoppgåvene frå omsetningsledda samsvarar med eller er større enn kvantumet i søknaden.

Rapporten PTG 100 på FM-sambandet syner fylkesvis kva føretaka har levert av produkt pr. omsetningsledd. Denne rapporten skal oppdaterast av Fylkesmannen, når det i samband med manuelle utbetalningar eller dispensasjonssøknader kjem korrigererte/nye årsoppgåver frå omsetningsledd. Det er viktig at rapport PTG 100 vert oppdatert etter kvart. Ved hjelpeutrekninga vert søknadene kontrollert mot rapporten.

Føretak som samla leverer under minstekvantum i tabell 4 har ikkje rett på tilskot.

**Tabell 5. Minstekvantum for leveransar av frukt, bær og veksthusgrønsaker**

<b>Produkt</b>	<b>Minstekvantum</b>
Frukt	2 000 kg
Bær	1 000 kg
Samla for tomat og slangeagurk	2 000 kg
Salat	5 000 stk

Distriktstilskot for potetproduksjon i Nord-Noreg har sats på kr 1,20 pr. kg matpotet levert til godkjent omsetningsledd.

Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker er differensiert mellom grupper av produkt og soner. Tilskotet gis inntil maksimalt kvantum for kvar produktgruppe. I tillegg skal tilskotet avgrensast av ein maksimal sum pr. føretak. Maksimal sum er differensiert mellom soner, og gjeld alle produksjonane sett under eitt. Dersom det skal tildelast tilskot for fleire produkt innan same produktgruppe med felles maksimalkvantumsavgrensing, skal dei produkta med høgast sats prioriterast først ved utrekning av tilskotet.

**Tabell 6. Satsar for distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker**

Vekst	Intervall		Eining	Arealzone						
	Frå	Til		1	2	3	4	5	6	7
<i>Eple</i>	1	100 000	kg	1,62	2,17	2,17	2,17	4,75	0	0
<i>Pærer</i>	1	100 000	kg	1,62	2,17	2,17	2,17	4,75	0	0
<i>Plommer</i>	1	100 000	kg	1,62	2,17	2,17	2,17	4,75	0	0
<i>Kirsebær</i>	1	100 000	kg	1,62	2,17	2,17	2,17	4,75	0	0
<i>Morellar</i>	1	100 000	kg	2,55	3,09	3,09	3,09	5,71	0	0
<i>Eple og pære til press</i>	Ingen avgrensing		kg	1,62	1,62	1,62	1,62	1,62	0	0
<i>Bær</i>	1	76 000	kg	1,37	1,37	1,37	3,15	3,15	5,19	5,19
<i>Tomat</i>	1	94 000	kg	1,27	1,27	1,27	2,55	2,55	3,82	3,82
<i>Slangeagurk</i>	1	138 000	kg	0,75	0,75	0,75	1,5	1,5	2,25	2,25
<i>Salat</i>	1	200 000	stk.	0,47	0,47	0,47	0,93	0,93	1,38	1,38
<b>Maksimalbeløp grønnsaker</b>				<b>128 000</b>	<b>154 700</b>	<b>154 700</b>	<b>239 300</b>	<b>284 950</b>	<b>359 500</b>	<b>359 500</b>
<b>Maksimalbeløp frukt og bær</b>				<b>Ingen avgrensing</b>						

## 6 Tilskot til avløyning ved ferie og fritid, avløysåret 2012

### 6.1 Satsar

Øvre grense for avløysartilskot i 2012 er 69 000 kroner.

**Tabell 7. Tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Endelege satsar pr. dyr for 2012**

Dyreslag (dyrekode på søknadsskjema)	Intervall	Sats kr/dyr
<i>Mjølkekyr (120)</i>	1-8	3 826
	over 8 dyr	2 598
<i>Storfe (119)</i>	Alle dyr	553
<i>Mjølkegeiter og mjølkesauer (140, 139)</i>	1-40	910
	over 40 dyr	609
<i>Ammekyr (121)</i>	Alle dyr	916
<i>Sauer over 1 år / ammegeiter (137,142)</i>	Alle dyr	480
<i>Avlsgrisar (155,156)</i>	Alle dyr	1 094
<i>Slaktegrisar (184)</i>	Alle dyr	38
<i>Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser (160, 168)</i>	Alle dyr	9,6
<i>Hestar (115,116)</i>	Alle dyr	1 094
<i>Avlskaninar (180)</i>	Alle dyr	272
<i>Gjæser(189), kalkunar (188), ender (187), livkyllingar og livkalkunar (185)</i>	Alle dyr	3,35
<i>Slaktekyllingar (186)</i>	Alle dyr	0,41
<i>Økologiske slaktekyllingar (840)</i>	Alle dyr	1,6
<i>Revetisper (171)</i>	Alle dyr	300
<i>Minktisper (170)</i>	Alle dyr	88
<i>Hjort (181)</i>	Alle dyr	372

## 6.2 Utrekna maksimal refusjon for 2013

Søklarane vert orientert om kva dei har i maksimalt avløysartilskot for 2013 i tilskotsbreva som vert sendt ut i juni 2013. Maksimalt avløysartilskot er utrekna etter førebelse satsar i jordbruksavtalen 2013-2014. Satsane aukar med 3,9 % frå 2012, og maksimalbeløpet er sett til 72 000 kr/føretak. Sjå jordbruksavtala 2013-2014 for meir informasjon.

## 7 Reduksjonar i tilskot

I jordbruksoppgjeret i år var partane einige om at ei arbeidsgruppe skal greie ut om Husdyrregisteret kan brukast til utmåling av produksjonstilskot for storfe. Vidare var partane einige om å avvike det særskilte pilotprosjektet med samkøyring av talet på storfe i søknadane om produksjonstilskot med Husdyrregistret.

**Landbruks- og matdepartementet har overfor SLF avklara at dette bl.a. innber at**

- **Det skal ikkje gjennomførast reduksjon i utbetalinga av produksjonstilskot nå i juni månad knytta til søknadsomgangen i januar 2013 og avvik mellom tal storfe i søknad om tilskot og i Husdyrregisteret.**

Det skal trekkjast eit botnfrådrag på 3 000 kr pr. føretak pr. år. Så langt det var mogleg vart botnfrådraget trekt ved utbetalinga i februar. Dersom det står igjen noe av dette frådraget ved januaromgangen, samt for alle nystarta føretak, skal det trekkjast botnfrådrag for januaromgangen. Det same gjeld reduksjon grunna manglande eller mangelfull miljøplan, jf. tabell under.

**Tabell 8. Reduksjon i tilskot som følge av manglande eller mangelfull miljøplan**

Areal daa	Trekk
≤ 250	8 000
251 - 500	12 000
> 500	18 000

Minste beløp som kan utbetalast er kr 300. Dette gjeld sum produksjonstilskot og tilskot til avløyning.

Ved den sentrale utbetalinga vil SLF setje i verk trekk for søknader som er levert for seint, med 1 000 kr pr. yrkedag frå og med 21. januar. Søknader som er levert 20. februar eller seinare er avvist, med mindre føretaket har dispensasjon frå søknadsfristen. Kommunen og fylkesmannen må sørgje for at dette blir sett i verk òg ved utbetaling etter hovudutbetalinga (manuelle utbetalingar).

## 8 Trekk i utbetalingar

Føretak med trekk i utbetalinga på grunn av motrekning, utlegg, tidlegare for mykje utbetalt tilskot eller erstatning, får dette spesifisert på tilskotsbrevet. Fylkesmannen har tilgang til

lister, via ROB, som syner kven dette gjeld. Fylkesmannen må undersøkje desse listene dersom han skal utbetale tilskot manuelt etter klage eller feil. Der eit føretak har heftingar i form av til dømes motrekning og utlegg, må Fylkesmannen leggje dette inn i Fagsystemet for manuell utbetaling, jf. rettleinga. Sjå listene PT880, PT883 og PT886.

#### *PT880 Gjenstående trekk SLF/skjema*

Desse trekka vert overførte automatisk til neste søknadsomgang.

#### *PT883 Innmelde trekk*

Lista viser søknader med trekk, som ikkje kjem til sentral utbetaling, og som er registrert med trekk.

#### *PT886 Gjenstående trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg*

Lista viser søknader som er utbetalt, og storleiken på attståande trekk av moms/skatt/utlegg. Lista viser også slike søknader, som framleis ikkje er ferdig handsama. Attståande trekk skal effektuerast i manuelle utbetalningar i inneverande periode, men vert ikkje overførte til neste søknadsomgang. Det er fordi det ikkje er høve til å motrekne i framtidige tilskot: krav kan ikkje oppstå før søknadsfrist, og søknad må vere levert til kommunen.

*Fylkesmannen må melde frå til Statens landbruksforvaltning, dersom attståande eigne trekk (sjå listene PT-880 og PT-883) skal slettast eller reduserast. Dette for at attståande trekk skal vere oppdatert før neste utbetaling.*

## **9 Lister i samband med utbetalinga**

I WESPA og ROB finn du følgjande lister som gjeld spesielt for utbetaling av avløysartilskot:

#### *PT5040 Hovudlista*

Utbetalt avløysartilskot ved den sentrale utbetalinga i juni 2013 vil stå på hovudlista PT5040.

#### *PT1001C Feilliste inputkontroll*

Føretak som er feil- eller varselmelde står i liste PT1001C. Feil- og varselkodene 062, 217-260, 310, 311, 323, 358-371 gjeld avløysartilskot.

#### *AVL423 Avviksliste kontroll mot Skattedirektoratet*

Dette er avvikslista etter kontroll mot løns- og trekkoppgåvedatabasen i Skattedirektoratet .

Det er berre føretak som har innrapportert løns- og trekkoppgåve til kommunekasseraren som er med på denne lista. Både organisasjonsnummer og fødselsnummer må stemme. Lista viser avvik mellom innrapportert og omsøkt beløp.

Føretak som har arbeidsgjevaransvar og ikkje har levert løns- og trekkoppgåve for avløysaren, står ikkje på lista AVL423. I tilskotsbrevet står det at søknaden er avslått, fordi kontroll av utgifter viser at føretaket ikkje har hatt utgifter til avløyning i 2012.

#### *AVL424 Kontroll mot avløysarlag*

Dette er avvikslista etter kontroll mot opplysningar frå avløysarlag.

*AVLE900 Hovedliste oppstart nytt år*

Denne lista viser førebels maksimal refusjon for alle føretak i 2013.

Med helsing  
for Statens landbruksforvaltning

Håvard Gulliksen  
seksjonssjef

Ylva Freed  
rådgivar